

# Årsmelding for Solund Sendebrettlaug for år 2020

Solund Sendebrettlaug vart stifta 28. juni 2015 av 15 stiftarar. Den 20. august same år vart laug et formelt tatt opp som undergruppe i Solund IL.

## Lauget sitt føremål er:

«Solund Sendebrettlaug skal drive både toppidrett og ha det moro innafor dei lovmessige og etiske rårer som Norges Idrettsforbund og Solund Idrettslag gjev».

## Årslaugsmøte i år 2020:

Det vart halde årslaugsmøte den 17. august 2020 (utsett frå 18. mars grunna Korona-pandemien). Laugsrådet har vore slik samansett i driftsåret:

### Faste medlemer:

May Brith Kalgraff (2 år)  
Kjell Mongstad (2 år)  
Mark Elvevåg (2 år)  
Endre Natvik (2 år)  
Fanni Balatoni (1 år)  
Kim Arnes (1 år)

### Varamedlem:

Det vart ikkje vald varamedlem for år 2020

### Kontingenten fastsett til:

Kr. 150,- pr. medlem

Kr. 300,- for familiemedlemsskap (inkl. «born» til og med det året ein fyller 18 år)

## Laugsmedlemene:

Det var 45 medlemer i laug et i år 2020 med smått og stort. Av desse var 12 ikkje-aktive småbarn som er inkludert i familiemedlemskapen.

## Møteaktivitet og saker:

Det har vore gjennomført 2 laugsrådsmøte i meldingsåret.

Dei aller viktigaste sakene har vore:

- Arbeidsplan for dugnad og aktivitet
- Vestkysttouren i Solund år 2020
- Oppfølging og planlegging av årslaugsmøte

## Diskgolfaktiviteten i laug et:

Handlingsplanen vart vedteken på førre årsmøte slik (status satt inn):

- |  |                      |
|--|----------------------|
| • Kjøpe inn diskar, størstedelen tilpassa nybegynnarar               | - gjennomført        |
| • Arrangere Vestkysttouren 3. oktober 2020 / Pargolf 4. oktober      | - gjennomført        |
| • Skaffe sponsorar og finansiering til arrangement / konkurransar    | - gjennomført        |
| • Reise saman og spele på ulike baner / ulike turneringar i regionen | - delvis gjennomført |
| • Fokus på rekruttering og samarbeid                                 | - delvis gjennomført |
| • Invitere til opplæring i diskgolf og nybegynnarrundar              | - ikkje gjennomført  |
| • Innarbeide lørdags- eller søndagsgolfen som fast treffpunkt        | - delvis gjennomført |
| • Starte opp innandørs vinterputting                                 | - ikkje gjennomført  |
| • Planlegge Pargolf-NM i år 2020 / 2021                              | - ikkje gjennomført  |
| •  |                      |

Anna innspel etter møtet:

- Gjennomføre ein årvisst klubbmeisterskap

- ikkje gjennomført

Som det går fram av planen, så er mykje gjennomført, men ikkje alt. Noko av det som ikkje er gjennomført, skuldast den særskilte situasjonen rundt Korona-pandemien.

Det har ikkje vore arrangert faste treningar eller organisert aktivitet i lauset i år 2020, utover den aktiviteten som var knytt til førebuinga og gjennomføringa av Vestkysttouren.

Det har likevel vore ein vesentleg aktivitet i diskolfanlegget i driftsåret. Forutan all aktivitet som har knytt til Vestkysttouren, så har mange lokale og tilreisande, nytta anlegget anten aleine eller saman med andre som treningsrundar eller som ein rein sosial aktivitet. Den populære 9-korgsbana har vore i aktiv. Den bidreg til at terskelen for diskolfing er komen ned på eit slikt nivå at sjølv «Hvermannsen» kan finne på å ta seg ein kjapp kveldsrunde like før leggetid.

At bana har fått såkall PDGA-rating, gjer at det meir attraktivt for aktive spelarar å både trene og konkurrere på våre baner.

### **Arrangør av Vestkysttouren 3. oktober og Pargolf 4. oktober:**

Solund Sendebrettlaug fekk den store æra å få lov å arrangera ein del av Vestkysttouren 2020, saman med diskolfklubbane på Sandnes, Ølberg og Kopervik. Grunna Korona vart touren gjennomført seinhaustes. Og denne hausten vart det arbeidd intenst med m.a. å få preparert banene med forskriftsmessige fairwayer, utkastsoner, OB-er og mandolinjer.

Eit spretta nytt bandedesign vart laga for både 18- og 9-korgsbana, til konkurransedagane.

Alt saman vart gjort med ein fantastisk dugnadsinnsats frå mange gode medhjelparar.

I tillegg kom sjølve gjennomføringa av helga, der Håvard vart engasjert som TD (teknisk delegert).

I løpet av denne helga fekk lauset 6 nye medlemmer og det vart selt laugsdiskar for den store gullmedaljen.

Her er oppsummeringa som vart delt på FB etter den vellukka Vestkysttouren:

*Ei aldeles fantastisk diskolfhelg i Solund er over !*

*Heile 46 deltakarar i eit aldersspenn frå 6 til 60 år deltok på Vestkysttouren; - nokre i konkurranse om heder og ære, medan andre for å lære kva denne sporten har å by på. Som alle kjenner til så er det sosiale aspektet alltid framtrudande i Solund; - så også på årets VKT. Trivelege og positivt innstilte konkurrentar, villsauar som passar på oss, god pausemat, flotte premiar og deilig pizzakveld på Skafferiet.*

*Olav Breistein var i det umoglege hjørnet i konkurransen og sette banerekord på den vindfulle 1. runden med utrulege -8 (over 1000 reita runde). Det var berre Håvard som til ein viss grad klarte å følgje Olav på den runden. Deretter følgde det 2 Håvardar til 😊*

*Og Olav vant både VKT i Solund for Open Herrar, så vel som VKT samanlagt. Han viste at han høyrer heime i Norgestoppen. Gratulerer!*

*Sendebrettlauset gjorde det samla sett skarpt i konkurransen.*

*- Håvard vart nr. 2 i Open Herrar.*

*- Karoline henta heim sigeren i Open Dame med Marianne på 2. plass. Og Karoline tok også heim 3. plass i VKT samanlagt.*

*- Endre henta heim trofeet i Novice-klassen, med Asle hakk i hæl.*

*Og merk!*

*Det var 7 juniorar med, som alle gjorde ein imponerende innsats (født 2002 eller seinare).*

*Ida Emelie Nesse (tilknytning til Hop) vant for jentene med imponerende spel. Gaute kjempa heilt til det siste for sigeren, men Tobias Skålevik vant til sist, 1 kast før Gaute. Joel Harnes tok 3. plassen. Eirik gjekk ein fantastisk 1. runde, men måtte diverre bryte 2.runden med skade. Men her må vi også trekke fram dei to yngste; - Daniel (8 år) gjennomførte begge rundane, og garva diskgolffarar berre lot seg imponere av hans første 88-runde. Og imponerende var det at Aleksa (6 år) gjennomførte heile 1.runden. Han må då vera tidenes yngste VKT-deltakar?*

*Andre gruppevinnarar var Trond Mjøs i Master og Christian del Rio i Rekreasjon ! Pargolfen dagen derpå, vart også ein utruleg kjekk seanse. 13 par gjennomførte ein 18-korgs runde. Vinden hadde stilna og folk gjekk simpelthen rundt og koste seg på bana. Christian og Tor Andre kom seg igjennom runden på imponerende -12; - utan bogeys. Det vil seie at dei mangla birdie på berre 6 korgar, deriblant på dei vridne korg 4, 7 og 17.*

*Pargolfen er komen for å bli, som ein litt uformell avslutning på Vestkysttouren i Solund VKT-Turneringa og Pargolfen hadde flotte premiar å by på, takka vere våre mange gode sponsorar. Tusen takk til:*

- Norsk kystkulturakademi AS
- TB-event AS
- Solund Eiendom AS / Skafferiet Mat & Drikke
- Steinsund Marinesenter AS
- Spar Solund
- Sulejet AS
- Solundmat AS
- Vidar Hop Skyssbåter
- Frode Kalgraff
- Lavik Maskinsenter AS
- Solund kommune

*Tilbakemeldingane frå deltakarane er udelt positive etter denne turneringa. Sendebrettlaugget får skryt for både arrangementet, den spenstige og godt vedlikehaldne bana, naturen, men kanskje mest for sjølve atmosfæren i Solund og rundt arrangementet. Folk seier dei vil koma igjen til VKT i Solund neste år. Det er eit godt teikn. Takk til dugnadsgjengen (herunder villsauene) som har gjort det mogleg å få gjennomført touren i år, og for dei mange oppmuntrande orda frå bygdefolket undervegs. Og tusen takk til alle deltakarane; - vel blåst Vestkysttour i Solund for denne gongen.*

#### Deltaking på dei andre Vestkysttour-rundane:

Solund Sendebrettlaug var representert på fleire andre Vestkysttour-arrangement (Kopervik og Sandnes). Likeins har medlemmer deltatt på konkurransar i både Bergen, Stavern og Oslo. Heder og ære har dei også tatt med seg heim 😊

#### Solunddagane:

Årets Solunddag vart ein Koronatilpassa marknadsdag utan diskolfaktivitet.

#### **Økonomi:**

Laugget hadde eit positivt driftsresultat på kr. 8.399,56 i år 2020. I tillegg har varelageret med diskar dobla seg.

Det positive resultatet skuldast i all hovudsak at laugget fekk gjennomført ein Vestkysttour med svært god deltaking og med god økonomisk støtte frå det lokale næringslivet.

Nettoresultatet på sal av laugsdiskar har også vore godt.  
Momsrefusjonane vart noko mindre enn budsjettet.

Det har ikkje vore purra på kontingent dette driftsåret. Trass i dette er kontingentinnbetalingane i tråd med budsjettet.

**Konklusjon:**

Lauget har gått frå år med store dugnads- og investeringsløft til ein ordinær driftsfase. Dugnaden handlar om å forbetre og preparere banene til folkeleg aktivitet og konkurransar.

Den organiserte aktiviteten har elles vore smålåten.

Meir kunne vore gjort for å halde aktiviteten oppe, men Korona-pandemien har nok gitt leiaren både gode og dårlege unnskyldningar for ikkje å følge opp gode innspel i driftsåret.

Men frå ein parkettplass i Storehaugen har leiaren likevel hatt stor glede av å observere liv på både diskgolffanene og i Idrettsanlegget gjennom heile året, og klangen frå diskar som treff diskgolfkjettingar har vore umiskjennelege, særleg i høgtider og i sommarferien. Slik lyd fungerer som balsam for ei varm diskgolfsjel.

Kanskje er driftsåret 2021 året der vi prøver å ta opp igjen søndagsgolfen som ein fast og miljøskapande aktivitet, og så smått sette fokus på rekruttering og opplæring i denne så folkelege diskgolf«sporten». Måtte Korona-pandemien snart kome til endes !

Solund Sendebrettlaug ser fram til eit spanande nytt diskgolffår.

Hardbakke 1. mars 2021

Styret

sign.